

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 12.02.2018
SAKSHANDSAMAR: Hanne Løvereide Årstad
SAKA GJELD: **Endring av vedtektene for Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Førde HF - talet på styremedlemmer**

ARKIVSAK: 2018/173
STYRESAK: **021/18**

STYREMØTE: **21.02.2018**

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Vedtektene til Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Førde HF blir endra i tråd med saksførelegget.
2. Endringane skjer ved at Helse Vest RHF som eigar, gjer vedtak i føretaksmøtet til Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Førde HF.

Oppsummering

I samband med oppnemning av nye styre i helseføretaka for perioden 2018 – 2020 blir det gjort framlegg om å utvide talet på styremedlemmer i Helse Bergen, Helse Fonna og Helse Førde frå 10 medlemmer til 11 medlemmer. Tilsvarende endring blei gjort for styret i Helse Stavanger i 2016.

Fakta

I vedtektene til Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Førde HF står følgjande i § 7 om styrande organ:

«Helse X HF ledes av et styre. Styret skal ha ti medlemmer.

Seks medlemmer oppnevnes av foretaksmøtet som velger styrets leder og nestleder. I tillegg velger de ansatte 4 styremedlemmer med varamedlemmer.»

Kommentarar

Spørsmål om tal styremedlemmer er drøfta i styresak 108/17, «Val av styremedlemmer til styra i helseføretaka - oppnemning av arbeidsutval, prosess og føringar for val av representantar»

I tråd med føringar frå eigar om å redusera talet på styremedlemmer i helseføretaka blei resultatet i 2014 at dei eigaroppnemnde styremedlemmane blei redusert frå sju til seks, jf. styresak 024/14. Ved val av nye styrer i februar 2016 blei det for styre i Helse Stavanger gjort den endring at vi gjekk tilbake til sju eigaroppnemnde styremedlemmer, jf. styresak 019/16. Grunngevinga for dette var knytt opp til at det gav ein meir hensiktsmessig samansetting av styret.

Med bakgrunn i dei erfaringane som er gjort med omsyn til ulik storleik på styra blei det i sak 108/17 gjort framlegg om at styra i Helse Førde HF, Helse Bergen HF og Helse Fonna HF har den same samansettinga som styret i Helse Stavanger HF.

Ei utviding til sju eigaroppnemnde styremedlemmer gir ein større fleksibilitet ved suppleringsval, det bidreg til at det blir lettare å sette saman styra slik at styret som kollegialt organ innehar den breidde i kompetanse som er ønskjeleg, og ikkje minst gir det eit betre utgangspunkt for å sikre fornying og rekruttering til styrearbeid av yngre kandidatar.

Arbeidsutvalet har vore samde i at Helse Bergen, Helse Fonna og Helse Førde bør ha 7 eigaroppnemnde styremedlemmer mot seks i dag. Med bakgrunn i reglane i helseføretakslova § 23 om dei tilsette sin styrerepresentasjon i helseføretaka, gjer denne endringa ikkje utslag i tal styremedlemmer valde av og blant dei tilsette.

Som ein følgje av dette blir det gjort framlegg om at vedtektene til Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Førde HF §7 «Styrande organ» blir endra frå:

«Helse X HF ledes av et styre. Styret skal ha ti medlemmer.

Seks medlemmer oppnevnes av foretaksmøtet som velger styrets leder og nestleder. I tillegg velger de ansatte 4 styremedlemmer med varamedlemmer.

Med utgangspunkt i de partsforhold som da vil gjelde, deltar styremedlemmer som er valgt av de ansatte ikke i behandling av saker som gjelder arbeidsgivers forberedelse til forhandlinger med arbeidstakere, arbeidskonflikter, rettstvister med arbeidstakerorganisasjoner eller oppsigelse av tariffavtaler.

Styret ansetter daglig leder. Helseforetakets daglige leder kan ikke sitte i styret.

Daglig leder i Helse Vest RHF har gjennom forvaltning av avtalen mellom Helse X HF og Helse Vest RHF rett til innsyn og oppfølging av foretaket også ved direkte kontakt med administrasjonen i helseforetaket.»

Til ny § 7:

«Helse X HF ledes av et styre. Styret skal ha 11 medlemmer.

Syv medlemmer oppnevnes av foretaksmøtet som velger styrets leder og nestleder. I tillegg velger de ansatte 4 styremedlemmer med varamedlemmer.

Med utgangspunkt i de partsforhold som da vil gjelde, deltar styremedlemmer som er valgt av de ansatte ikke i behandling av saker som gjelder arbeidsgivers forberedelse til forhandlinger med arbeidstakere, arbeidskonflikter, rettstvister med arbeidstakerorganisasjoner eller oppsigelse av tariffavtaler.

Styret ansetter daglig leder. Helseforetakets daglige leder kan ikke sitte i styret.

Daglig leder i Helse Vest RHF har gjennom forvaltning av avtalen mellom Helse X HF og Helse Vest RHF rett til innsyn og oppfølging av foretaket også ved direkte kontakt med administrasjonen i helseforetaket.»

Konklusjon

Vedtektene i Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Førde HF blir endra som vist over og Helse Vest RHF som eigar, gjer vedtak i føretaksmøte i Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Førde HF.